



Reidar Algerøy imponerte igjen, her er han ved pianoet. Bak Kristian Olav Bringedal, mannen bak også dette prosjektet.

**Kyrkja fylte 100 år i fjor og det vart mellom anna gjort med ein imponerende presentasjon av salmeskatten vår. Men presentasjonen held tydelegvis fram i 2015 og ikveld kom turen til Bernt Støylen (1858/1937), ein allsidig sunnmøring som ikkje begrensa seg til å vera teolog og endatil biskop i Agder frå 1913 til 1930.**

**Han skreiv til dømes nynorsk ABC i fire bind, samarbeida med Rolfsen om det store leseverket og gav ut barnerim og leikar. Til dømes er Ro, ro til fiskeskjær eit Støylenprodukt! Det var nok inspirert av hans nære samband med fisket. Han mista broren på sjøen. Støylen var også innoom vårt område, nærare bestemt i Dimmelsvik der han førebudde seg ein vinter på studium ved universitetet**

I den nye salmeboka er han representert med 8 salmer han har skreve og 38 salmer som han har omsett. Mange meiner at han var flinkare til å omsetja enn til å dikta og dei som var i kyrkja ikveld er nok samde i det. Men fleire kjente salmar er Støylens originalprodukt, til dømes Til kjærleik Gud oss skapte. Og kven har ikkje stått atmed pulten og sunge seg gjennom Gud signe maten gjennom mange skuleår? Konfirmasjonssongen som vart sunge ikveld vil nok også mange kjenna att.



Ikveld kom turen til Bernt Støylen, som er gravlagd i Oslo

Kristian Olav Bringedal, som står bak serien om salmeskatten, er ikkje redd for at han og dei som er med på prosjektet skal gå tomme for forfattarar, i alle fall ikkje hvis dei går ned på eit meir lokalt plan. Uansett er dette ein imponerande presentasjon. Målsettinga er 2 salmekvelder i året.

Ikveld var det Reidar Algerøy som tok seg av det musikalske på orgel og piano og nok ein gong imponerte han stort ved sin evne til å ta melodiar nærmast på sparket og 'frisera' dei i tillegg. Musikklaget var også med denne gongen og viste påny at det er i framgang. Den uoppslitelege gjengen er forresten 79 år i dag! Det markerte dei mellom anna ved å spela 6 britiske hymnar som sjølv om dei ikkje er lange kan vera krevande nok.

Innlagt kyrkjekaffe må også rosast. Det einaste negative som kan trekkjast fram var frammøtet, som begrensa seg til 40 personar. Men ein skal kanskje ikkje forlanga meir etter eit jubileumsår med svært god oppslutnad. Vi ventar med spenning på neste kapittel frå salmeskatten.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Musikklaget spela hymner